



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

REFERAT frå SR 11.02.2025

Frammøtte: Astrid, Tove, Vetle, Erling, Helene, Brynhild og Gudrun.

Johnny Roy Knudsen og Olav Johs Skeie var med i starten.

Opning: Astrid las salmen *Så kom du da til sist*

Kaffe og noko å bite i: Astrid

11/25 Innkalling og referat vart godkjende.

12/25 Orientering og film om arbeidet med historia kring bygging av Norheimsund kyrkje.

Johnny Roy Knudsen er med i ein sjølvoppnemnd kyrkjesogekomité. Komitéen har samla inn mykje info om bygginga av Norheimsund kyrkje. Når dei er ferdige med all innsamlinga, skal soknerådet få overlevert mappa og bestemma kva som skal skje vidare med alt stoffet. Olav Johs. Skeie viste filmopptak av 2.byggjetrinn. Det var interessant å sjå og høyra om all den dugnadsinnsatsen som ligg bak den flotte kyrkja vår her i Norheimsund.

13/25 Fasteaksjon 8.april

Vedtak: Fordeling av arbeidsoppgåver:

- Orientera konfirmantane: Dette har Astrid alt gjort
- Laga lister med ruter der konfirmantane skal gå: Astrid og Solfrid
- Laga klar bøsser: Brynhild og Gudrun
- Handle inn mat (bollar, brus): Gudrun

Alle i soknerådet som kan, møter denne dagen.

14/25 Konfirmantfest 9.april.

Vedtak: Fordeling av arbeidsoppgåver:

- Bestilla mat: Gudrun sjekkar med Heidi Helgheim/HAKS. Meny: Lasagne med salat til ca 130 pers
- Handle inn serviettar m.m. og pynting: Gudrun
- Leiing av festen: Astrid
- Quiz: Magne
- Pianist: Vetle spør om ein av organistane kan spela på festen

15/25 Val av felles misjonsprosjekt i Kvam.

Det har kome forslag om å støtta NMS (Det Norske Misjonsselskap) sitt prosjekt på Mangarano, Madagaskar. Dette går ut på å restaurera og gjenoppbyggja ein tidlegare leprainstitusjon. Her skal det drivast hjelpearbeid innan rus og psykiatri i tillegg til arbeid blant psykisk utviklingshemma.

Vedtak: SR ser positivt på å støtta NMS og dette prosjektet.

16/25 Ikon av Solrun Nes.

Vedtak: Brynhild og Tove er med i ein komitê som skal sjekka pris og evt kvar kunsten skal hengast opp.

17/25 Vetle orienterte om *Våge, tru og bevege* – om frivillig teneste i kyrkjelyden.

Eigentleg skal SR ha ei anna rolle enn berre praktiske tenester. Vetle har vore med å utarbeida eit hefte *Våge, tru og bevege*. Korleis utvikla frivilligheten her hjå oss? Kanskje me kan ha ein

felles dag for alle sokneråda i Kvam der me drøftar dette? Me har i «lekse» å lesa dette heftet til neste soknerådsmøte.

18/25 Evaluering og orientering:

- **Bøneveka:** Astrid tek med seg kommentarar vidare til gruppa for Bøneveka når dei skal ha evalueringsmøte.
- **Orienteringar frå soknerådsleiarmøtet**

19/25 Eventuelt

Info frå kulturkomitêen v/Vetle: Henrik Syse utset føredraget han skulle ha, til hausten.

Alternativet vert Gospelfredag med Ulf Krupka 4.april i Nhs kyrkje.

Valgjerd Svarstad Haugland vil også koma til hausten.

Neste soknerådsmøte vert tysdag 11.mars kl.19.00

Opning: Tove

Mat: Gudrun

Gudrun Skeie Langeland, skrivar